

## Kartlegging og rettleiing



For å kunne finne ein god veg vidare er det viktig å bli godt kjend med deg, livssituasjonen din, bakgrunnen din, eventuelle helseplager, utfordringar og ressursar. Gjennom bruk av interesseverktøy, diskusjonar og individuelle samtaler prøver vi å kartlegge kva som er dine interesser og kva som er dei viktigaste utfordringane for deg akkurat no. Du veit best kvar skoen trykkjer. Vår oppgåve er å utforske kva som kan lette trykket i framtida.

## Motivasjon



Motivasjon er drivkrafta som set oss i gong med noko. Når vi ikkje er motiverte, utset vi gjerne gjeremåla våre om dei er aldri så nødvendige. Vi arbeider tett saman med deg for å finne kva som motiverer deg og kva arbeidsoppgåver du vil trivast med. Alle er flinke til noko. Du óg.

## Inspirasjon



Inspirasjon betyr blåse liv i eller stimulere til ein aktivitet og heng saman med det å vere motivert for noko. Å inspirere er å finne det som skal til for å kveikje interessa di for å arbeide med din eigen framgang ved å utnytte evnene og dugleiken din i samsvar med dei praktiske forholda som er ramma kring livet ditt.

## Arbeidstrening




Har du gått utan jobb i kortare eller lenger tid, kan arbeidstrening vere ein god start på vegen tilbake til arbeidslivet for deg. Arbeidstreninga går vanlegvis føre seg i ei lokal bedrift, men kan også finne stad i In Via sine produksjonslokale. Gjennom arbeidstrening kan du få prøve ut ein arbeidsplass som høver med dine interesser, ressursar, kapasitet og moglegheiter.

## Utdanning/vidareutdanning



Vi hjelper deg gjerne å finne løysingar med lokale utdanningstilbod for ditt interessefelt og det som er etterspurt i arbeidsmarknaden der du bur. Sidan samfunnet har endra seg raskare dei siste generasjonane enn det gjorde tidlegare, må dei fleste av oss rekne med å byte jobb fleire gongar i livet. Då kan det bli nødvendig med utdanning i andre fag enn det du arbeidde med før, og det kan In Via hjelpe deg med å finne ut av.



## Kvalifisering/formidling

In Via har mange års erfaring i rettleiing av personar som er på veg mot nye jobbar, og vi har hatt eit svært tett samarbeid med både næringslivet og det offentlege tenestetilbodet i heile Nordfjord. Vi er heile tida godt orienterte om kven som treng kva slags kompetanse i arbeidsstokken og blant personalet sitt. Derfor kan vi sette deg i kontakt med ein eller fleire av dei du kunne tenkje deg å arbeide saman med.

In Via tilbyr hjelp til deg som ønskjer å ta kompetansebevis eller fagbrev. Med litt tilpassa opplæring eller tilrettelegging, kan du få fagopplæring ute i ordinære bedrifter. Tilbodet vert gjeve etter bestilling frå NAV.

## Etikk

Alle har ulik bakgrunn og ståstad og skal møtast med respekt, men alle har óg eit sjølvstendig ansvar for sine val og handlingar. Vår oppgåve er å hjelpe og støtte den enkelte med utgangspunkt i deira eigne ønske og mål.

## HMS

På grunn av ulik lokalisering av tiltaka, kan instruksar og reglement variere noko. På anlegget vårt i LA-Bygget på Nordfjordeid og på Visneskaaien i Stryn er det til dømes ulike instruksar og reglement. Dei som er hos andre, ordinære arbeidsgjevarar skal gjere seg kjende med gjeldande instruksar og reglement ved den verksemda dei arbeider og etterkome desse.

NB! Sjølv om ein deltek på arbeidsmarknadstiltak ved In Via, har ein plikter overfor NAV, som til dømes meldekort og individuelle avtalar.

## Livets tannhjul,

både dei store og dei små; dei som held oss gåande i yrkeslivet og i privatlivet, dei som syter for god nattesøvn og fysisk og psykisk utvikling og framdrift – alle grip inn i kvarandre. Men brått kan det skje noko som du ikkje rår over med eitt eller fleire av desse tannhjula; du kan misse jobben, helsa kan svikte, samlivsendingar eller andre store utfordringar i privatlivet ... Då må du vurdere om du skal halde fram med den same kursen, eller om du må endre retning. Det er dette vi kallar «å hente seg inn». Du er ikkje åleine om dette, og vi har lang erfaring med å finne løysingar som kan passe.



**Du og dine  
næraste -  
Arbeidsgjevaren**

## Klage

Opplever/observerer ein deltakar noko som han/ho tykkjer er feil eller klanderverdig av medarbeidarar eller overordna, er han/ho i sin fulle rett til å bringe dette vidare til bedrifta sin daglege leiar. Det kan varslast på heimesida, eller annan måte.

## PRESENTASJON



**Kompetanse-  
og læringspartnar**

**MOTIVASJON – MEISTRING – SJØLVKJENSLE – LIVSKVALITET**

## For deg som vil vidare

In Via skal hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Vi er her for deg som vil vidare. Vårt største mål er å finne den løysinga som er rett for deg, og vi gjer alt vi kan for å oppnå ei positiv endring for både menneske og samfunn. Gjennom kartlegging av din situasjon og dine behov, har vi eit stort fokus på menneskeleg forståing. Vi hjelper deg med å finne ein veg vidare, og nyttar allsidig og variert kompetanse via våre medarbeidarar og tilsette. I tillegg skal In Via syte for tilgang til ein læringsarena som er rett for deg.

## Vi skal skape meirverdi for menneske og samfunn

In Via er arbeidsmarknadsbedrifta i Nordfjord som er knytt til NAV sine tiltak for arbeidsførebuande trening, arbeidsretta rehabilitering og kvalifisering med sikte på å trygge framtida di.